**Opptakskriterium ved Sunnhordland folkehøgskule**
**Skuleåret 27/28**

Opptak av elevar skal skje i samsvar med gjeldande reglar i folkehøgskulelova, og i dette opptaksreglementet fastsett av skulen sitt styre. Dette reglementet vart fastsett av skulen sitt styre (10.juni 2026) i tråd med folkehøgskulelova § 9.

## 1. Generelt

Skulen vil årleg ta opp *104* elevar. Søknader blir tekne imot frå 01. oktober året før oppstart.

Folkehøgskulen er i utgangspunktet open for alle, men i tråd med dei politiske føringane for skoleslaget retter tilbodet vårt seg i hovudsak mot unge vaksne. Ved opptak vil vi difor føretrekkje søkjarar i aldersgruppa 18–30 år.» **Regjeringens og Stortingets føringer (Lovforarbeider):** Prop. 111 L (2024–2025)),

## 2. Opptakskriterium – grunnvilkår

- Søkjar må ha fylt 18 år innan 31.desember det året hen startar på skulen.
- Maksimalt ti prosent av elevane kan vere statsborgarar frå land utanfor EØS-området og Storbritannia.
- I søknaden må eleven gjere greie for motivasjonen for å starte på skulen.
- Søkjar må kunne delta i skulen sitt bu- og læringsmiljø (undervisning, fellesaktivitetar, internatliv og praktiske fellesoppgåver) på ein forsvarleg måte, eventuelt med nødvendig og rimeleg tilrettelegging. Sunnhordland Folkehøgskule er ein internatskule. Elevane er forventa å kunne følgje skulen sine reglar og rutinar, og å møte til undervisning

## 3. Prioritering ved fleire søkjarar enn kapasitet

Dersom talet på kvalifiserte søkjarar overstig kapasiteten ved skulen eller på dei einskilde linjene, blir søkjarane prioriterte etter desse kriteria:

a) Søkjarar som gjennom søknaden viser motivasjon for verdigrunnlaget til folkehøgskulen, fellesskapet og dei aktuelle linjetilboda.
b) Omsynet til eit mangfaldig elevmiljø med variasjon i bakgrunn, erfaringar, interesser, alder, geografisk tilhøyrsle og livssituasjon.
c) Søkjarar som blir vurderte til å kunne bidra positivt til bu- og læringsmiljøet ved skulen.
d) Eventuelle linjespesifikke kriterium som er kunngjorde i same dokument.

## 4. Behov for tilrettelegging

Sunnhordland folkehøgskule ønskjer å vere ein inkluderande skule der alle elevar får høve til å utvikle seg og delta i fellesskapet. Behov for tilrettelegging blir vurdert individuelt i kvart enkelt tilfelle.

Søkjarar som har behov for tilrettelegging som kan påverke gjennomføringa av skuleåret, må gi skulen nødvendige opplysningar. Dette er viktig for at skulen og

søkjaren saman kan avklare behov, moglegheiter og ansvar før det eventuelt blir gitt tilbod om skuleplass.

Når det er nødvendig for vurderinga, vil skulen be om relevant dokumentasjon.

Ved vurdering av tilrettelegging tek skulen omsyn til det pedagogiske opplegget, internatforhold, bemanning og kompetanse, tryggleiksmessige omsyn, bygningsmessige forhold og dei ressursane skulen har tilgjengelege.

**5**. **Linjespesifikke kriterium**

Desse er publisert på skulen sine linjesider og på folkehøgskole.no og kan til dømes gjelde kva ein treng av digitale verktøy på linja Game Design.

**6. Gjennomføring av opptak**

Opptak av elevar startar 15. november året før nytt folkehøgskuleår. Dersom skulen deretter har ledig kapasitet, blir det gjennomført løypande opptak fram til skulestart.

Kriterium for prioritering dersom det er fleire søkjarar enn plassar ved skulen eller at to søkjarar står heilt likt:

Skulen må ha kapasitet/ressursar til å ta imot den einskilde eleven.

Dersom skulen har **1 ledig plass**, og to søkjarar har akkurat same motivasjon og oppfyller alderskrava, bruker opptakskontoret desse tre konkrete skiljelinjer for å velje:

1. **Søknadstidspunkt**
2. **Kjønns- og linjebalanse**
3. **Kompetansemiks**
    - **Døme for Game Art:** Erfaring med digital vs. analog kunst

*Dersom ingen av desse kan nyttast, vert det loddtrekning.*

**7. Andreårselevar**

For elevar som søkjer om eit andreår på skulen, med delvis fri kost og losji, følgjer det eigne opptakskrav, fristar og kriterie. Desse kan ein finne under skulen si heimeside, https://sunnfolk.no/om-skolen/praktisk-informasjon/

**8. Svar på søknad**

Svar på søknad blir sendt ut seinast 15. november, og deretter seinast innan ti dagar i perioden for løypande opptak. Dersom ein søkjar som har fått avslag oppfyller opptakskriteria, vil vedkomande få tilbod om ein nummerert plass på venteliste. Avgjerder om opptak er enkeltvedtak, og reglane i forvaltningslova gjeld. Skulen sitt styre er klageinstans, og klagefristen er tre veker.